



Aukra kyrkjelege fellesråd

Skogvegen 1a

6480 AUKRA

Tlf: 71171540

Aukra kyrkjekontor 28.02.2018

Referat frå møte i Aukra kyrkjelege fellesråd/ Sokneråd

Møtedato: 27.02.2018

Møtetid: kl. 19.10

Møtestad: Kyrkjelydshuset

Tilstade:

Svein Løwe, Ingunn Hjelmås, Gro Merete Hoksnes, Inga Sølvi Korsvik Melby, Jan Magne Breivik, Oddmund Arne Varhaugvik, Inger Kristine Kjellnes, Audhild Mork og Kristian Finn Risung.

Ingunn Hjelmås innleia møtet med Salme 8,4 frå Bibelen, «Når eg ser din himmel» og reflekterte kring naturopplevingar ho hadde hatt i vinterferien.

Svein Einar Løwe refererte frå møte med Rådmann og Økonomisjef i kommunen om økonomien til soknet, og saka som skal til behandling i Livsløpsutvalet om løyvingane frå Aukra kommune til Aukra sokn. I innstilling til vedtak er det tilrådd midlar til investeringar i soknet, og driftsrama til soknet er som tidlegare.

Sak 003/18 Vara til Arbeidsutvalet

Det er ønskje om at det blir velt inn varamedlemmar til Arbeidsutvalet (saksførebuande utval til Sokneråd/Fellesråd) frå medlemmane i Fellesråd/Sokneråd. Møtande medlemmar no er leiar og nestleiar i Soknerådet, og det er ønskje om to varamedlemmar for å sikre vedtaksført råd dersom leiar eller nestleiar må melde forfall. Fellesrådet/Soknerådet vel sjølv varamedlemmar i møtet.

Forslag til vedtak:

Det blir velt inn ein vara for møtande medlemmar frå Fellesråd/Sokneråd. Om faste medlemmar eller varamedlemmar ikkje kan møte blir møtet flytta.

Samrøystes vedtak:

Oddmund Varhaugvik blir velt inn som vara til Arbeidsutvalet.

Sak 004/18 Planleggingsdag

Det er satt forslag om Planleggingsdag/Inspirasjonssamling for Sokneråd/Stab torsdag 5. april kl. 17.00-20.00/21.00. Sokneprest og Trusopplærar har ansvar for å leie samlinga.

Forslag til vedtak:

Det skal vere Planleggingsdag/Inspirasjonssamling for Sokneråd/Stab torsdag 5. april kl. 17.00-20.00/21.00.

Samrøystes vedtak;

Det skal vere Planleggingsdag/Inspirasjonssamling for Sokneråd/Stab torsdag 5. april kl. 17.00-20.00/21.00.

Sak 005/18 Etablering av minnelund

Aukra kyrkjelege fellesråd har fått spørsmål om det er mogleg å etablere ei ikkje-namna minnelund på gravplassen i Aukra, for nedsetting av urner. Dei fleste kommunar i Noreg har anonyme eller namna minnelunder på ein eller fleire gravplassar, der ein kan få satt ned ei urne på eit felles gravmonument. Ved namna minnelund blir namnet til avdøde sett på gravminnet via plakett, og ved ei ikkje namna minnelund blir det sett ned urner anonymt. Det er vanleg at minnelundene har eit fint gravminne og tilrettelagt grøntområde/benkar.

Forslag til vedtak:

Aukra kyrkjelege fellesråd godkjenner utgreiing og planlegging av minnelund på Aukra kyrkjegard.

Møtebehandling:

Grunna større arbeidsmengde med investeringar i 2018, er det ønskje om frå leiar i Fellesrådet om at saka blir utsett til 2019. Dersom det er ønskje om anonym gravplass på kyrkjegarden, kan urne eller kiste bli sett ned på eigen avsett plass på kyrkjegarden for anonyme graver.

Samrøystes vedtak:

Utgreiing om etablering av minnelund på Aukra kyrkjegard blir utsett til 2019.

Sak 006/18 Misjonsprosjekt

Kyrkjelyden i Aukra støar i dag arbeidet til NMS (Norsk Misjonsselskap) i Kamerun i eit eige prosjekt som har til formål å samle inn midlar til bygging av kyrkjetak på kyrkjer i Kamerun. Det har vore ønskje om å vurdere om det skal gjevast støtte til eit nytt prosjekt, både på grunnlag av at NMS har lagt om informasjonen om misjonsprosjekta sine til å gjelde heile land i staden for til enkeltprosjekt, og på grunnlag av at det kanskje kan vere mogleg å ha eit prosjekt som engasjerer kyrkjelyden på ein ny måte.

Forslag til vedtak:

Det vart ikkje lagt fram forslag til vedtak i saka, då Arbeidsutvalet ikkje hadde hatt møte før møtet i Fellesråd/Sokneråd.

Møtebehandling:

Soknerådet har ønskje om å ha eit prosjekt, mindre eller større, som engasjerer kyrkjelyden. Det kan vere eit prosjekt med mindre delmål, eller å samle inn midlar til ein organisasjon, det viktigaste er at kyrkjelyden kjenner eigarskap til prosjektet. Det er ønskje om fleire idear til gode prosjekt, og at alle i Fellesrådet/Soknerådet bidreg til å finne eit godt prosjekt.

Samrøystes vedtak

Arbeidsutvalet får i oppgåve å leggje fram forslag til vedtak til nytt misjonsprosjekt til Soknerådet, men alle i Fellesråd/Sokneråd blir bede om å engasjere i seg i saka, og leite fram misjonsprosjekt som kan vere aktuelle for kyrkjelyden. Gode idear til prosjekt skal sendast til kyrkjekontoret@aukra.kommune.no innan 13. mars. Prosjekta kan ha kortare eller lengre varigheit, og vere til organisasjonar eller til konkrete prosjekt.

Sak 007/18 Rekneskap

Rekneskap frå 1. januar til 20. februar 2018 blir lagt fram i møtet. Dersom det er naudsynt med budsjettjusteringar blir det lagt fram ny saksutgreiing og nytt forslag til vedtak i møtet.

Møtebehandling:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka, då rekneskapsrapporten ikkje var ferdigstilt til møtet. Det blir sendt ut rekneskapsrapport frå 1. januar til 20. februar (eller 1. mars) når rapporten er ferdigstilt.

Sak 008/18 Andakt på Aukraheimen

Soknerådet har ansvar for andakta på Aukraheimen laurdag 13. mars. Kven har anledning til å vere med?

Møtebehandling:

Ingunn, Oddmund og Svein arrangerer andakt på Aukraheimen laurdag 13. mars.
Robert blir spurt om han har høve til å vere med.

Sak 009/18 Permisjon

Inger Kristine Kjellnes har søkt om permisjon frå møte og oppgåver i Fellesråd/Sokneråd frå og med 27. februar grunna svangerskapspermisjon. Ho beheld oppgåvene i Grøn Kyrkjelyd i permisjonstida. Anja Helen Otterlei blir innkalla som fast medlem til møte i Fellesråd/Sokneråd.

Samrøystes vedtak:

Inger Kristine Kjellnes har permisjon frå møte og oppgåver i Fellesråd/Sokneråd frå og med 27. februar 2018 grunna svangerskapspermisjon. Ho beheld oppgåvene i Grøn Kyrkjelyd i permisjonstida. Anja Helen Otterlei blir innkalla som fast medlem til møte i Fellesråd/Sokneråd.

Sak 010/18 Diakoni

Det er ønskje om frå Diakoniutvalet om å få litt hjelp til å finne frivillige som kan vere med i Diakoniutvalet for å arbeide med plan for diakoni, og som og kan vere med å gjere praktiske oppgåver innanfor diakonien i soknet.

Møtebehandling

Soknerådet tilrår å søke etter frivillige via Facebooksidene for Gossen og Julsundet, og at det og blir spurt enkeltpersonar i soknet om å vere med i utvalet. Diakoniutvalet arbeidar med plan for diakoni, og det er og ønskje om å vurdere om det skal etablerast nye tradisjonar innanfor diakonien i soknet. Samarbeid innanfor helsesektoren og diakoni vart og nemnt som eit viktig punkt som må arbeidast meir med.

Sak 011/18 Kyrkjelydstur

Bjorliheimen er avbestilt denne vinteren på grunn av den økonomiske situasjonen til Soknerådet, samt at Trusopplærar ikkje har høve til å vere med på tur i vinterhalvåret. Arbeidsutvalet (eller ein eigen komité) får i oppgåve å kome med idear til Kyrkjelydstur for kyrkjelyden anten på sommaren eller hausten, til eigen leirstad med opplegg for heile familiar.

For Aukra sokneråd

Beate Hostad Aukan
Kyrkjeverje